

Trafikkplan for Lye skule



Skulen og trafikksituasjonen.

På Lye skule har me elevar som går, sykklar og nokon kjem med skulebuss. Skulevegen på Lye er i utgangspunktet trygg. Det er gode gangstiar dei fleste stadene. Likevel er det viktig for skulen og FAU at me har fokus på korleis me skal ferdast i trafikken.

Kvifor ein trafikkplan?

Time kommune skal vera ein «Trafikksikker kommune», og har laga ein trafikksikringsplan for kommunen 2016-2025.

Målsettinga i trafikksikringsarbeidet i Time kommune er:

«Det skal ikkje skje dødsulukker eller ulukker med alvorleg personskade på vegane i Time som følgje av manglande trafikksikringstiltak. Alle som ferdast i trafikken skal til ei kvar tid føla seg trygg same kva framkomstmiddel dei brukar.»

Trafikkplanen vår tek utgangspunkt i denne målsettinga, og i læreplanen (LK-20), der det er sett opp målsettingar for trafikkopplæringa i skulen.

LK-20 seier:

Frå overordna del: « Elevane skal bruke nærområdet og utforske naturen gjennom varierte uteaktivitetar under vekslende årstider. Naturopplevelser og trygg og bærekraftig ferdsel er sentralt.»

Kompetansemål etter 2.trinn:

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

«øve på trygg ferdsel i trafikken»

Kompetansemål etter 4.trinn:

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

«forstå og følgje reglar i trafikken»

Kompetansemål etter 7.årssteget:

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

«praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel»

Målsettinga vår som skule er at barna skal lære å oppføra seg ansvarsfullt i trafikken, slik at skulevegen blir trygg for alle. Å skapa medvit om trafikksikkerheit skal vere ein naturleg del av skulen si verksemd.



Retningslinjer ved bruk av sykkel/sparkesykkel:

Det er no foreldra som avgjer kva tid barna kan bruka sparkesykkel eller sykkel til skulen. Fau oppmodar elevane på Lye skule til å gå frå og til skulen.

FAU vil oppfordra foreldra til å venta med å gje lov til å sykle til elevane går i 5.klasse, på bakgrunn av råd frå Trygg Trafikk.

Ved bruk av sparkesykkel eller sykkel til og frå skulen er det føresette sitt ansvar at personleg sikkerheitsutstyr er på plass. Skulen vil at alle elevar alltid skal bruka hjelm til og frå skulen, og på alle sykkelturnar i skulen sin regi. Skriv/mail om at elevane må ha sykkel og hjelm som er i forskriftsmessig stand blir sendt til føresette i forkant av turen.

Trafikkansvarleg lærar:

Skulen har system for skulebasert vurdering og kvalitetsutvikling (internkontroll) som sikrar at trafikkplanen blir følgd opp av dei tilsette.

Foreldra sitt ansvar

Det er foreldra som har hovudansvaret for å gje barna nødvendig trafikkopplæring slik at dei kan ferdast trygt i trafikken. Tiltaka som skulen set i verk, er eit supplement til dette. Godt samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å lukkast i trafikkopplæringa.

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2015/11/Informasjonsbrev-til-foreldre.pdf>

FAU har trafikksikkerhetsarbeid, som fast tema på møte i oktober. FAU arrangere refleksdag kvar vinter. Då er NAF tilstade for å sjekke sykklar og refleksbruk. I tillegg deler ein ut refleksar til alle elevane.

http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/06/FAU_brosjyre_orginal-2.pdf



Skulen sin trafikkplan blir lagt ut på heimesida.

Undervisningsmateriell:

www.tryggtrafikk.no

www.barnastrafikkklubb.no

www.trafikkogskole.no

Rutinar for uteskule/turar i skulen sin regi.

- I trafikkerte område skal ein passa på gåreglane. I større grupper bør det vera ein vaksen framme og ein bak.

Ved bruk av bil:

- Samtykke i VismaFlyt.
- Vanlege sikringsreglar i bil.

Ved bruk av sykkel:

- Alle må ha hjelm og trafikksikker sykkel.
- Når ein sykklar på fortau, har ein vikeplikt for alle. Fotgjengaren har førsterett på fortau. Ved fotgjengarfelt skal ein gå av sykkel.
- Når ein sykklar på ein gang- og sykkelveg, har ein vikeplikt for alle når ein skal inn på eller kryssa vegen.
- Når ein sykklar i sykkelfelt, har ein vikeplikt mot høgre som bilistane.
- Når ein sykklar i kjørebane, må ein halda seg på høgre side og oppføra seg som bilist.

Ved bruk av buss.

- Alle står samla, og rettar seg etter dei beskjedar som blir gitt av dei vaksne
- Alle står i ro til bussen har stansa, og det er klart for på- eller avstigning
- Alle brukar setebelte i buss.
- Ved avstigning gir dei vaksne beskjed om korleis dette skal foregå, og alle går roleg ut av bussen og bort til den avtalte oppstillingsplassen.

Elevar som tek buss til og frå skulen har ei bussvakt som følgjer dei på bussen og ser at alle har på setebelte.

«Gå til skulen-aksjon» kvart år

Målet for aksjonen er todelt:

- At barn og unge skal vera meir fysisk aktive.
- At det blir sett fokus på trafikksikkerheit og refleksbruk

Barn bør vera aktive i leik eller annan aktivitet minst 60 minutt kvar dag. Aksjon «Gå til skulen» skal stimulera elevane til dagleg fysisk aktivitet. Barn som går til skulen, får brukt energi, dei er sosiale saman med vennar og dei kan oppdaga spennande ting på vegen.

Gjennom aksjonen blir foreldre, elevar, klassekontaktar og elevråd invitert til eit samarbeid om ein aktiv og trygg start på skuledagen.

Skulane som deltek i aksjonen får kr 5000 som elevrådet disponerer. Midla skal brukast til tiltak som stimulerer til fysisk aktivitet, som for eksempel utstyr, turar, tiltak i «Trivselsleiar-programmet».

Aksjonen skjer i samarbeid med Trygg Trafikk, og blir koordinert av Anne Reidun Garpestad som er folkehelsekoordinator i Time kommune.





Sykkelgården på 5.trinn

Elevane på 5.trinn deltek kvar vår på eit fast opplegg på Sykkel – og aktivitetsgården i Sandnes. Dette tilbodet blir koordinert av Trygg Trafikk, og er gratis for skulane.

Her kan elevane øva på trafikkreglar og sykkelferdigheiten sin på eit trygt område. Dette er eit svært godt tilbod til elevane, som er ein viktig del av trafikkopplæringa ved skulen.